

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 08.10.2020

Vår ref.: 202001130-14

Arkiv: 313

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Gert Vidar Høgseth

22959543/gvho@nve.no

Høyring av søknad om riving av dam Trollkjelen, Vaksdal kommune, Vestland

NVE har motteke ein søknad frå Småkraft AS, datert 11.09.2020, om løyve til riving av dam Trollkjelen i Vaksdal. Søknaden med vedlegg er lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og høyringa blir kunngjort av NVE i Vaksdalsposten og Bergens Tidende. Dersom du ønskjer papirutgåve av søknaden kan du ta kontakt med Småkraft AS v/ Martin Vangdal på e-post (martin.vangdal@smaakraft.no) eller telefonnummer 988 30 458.

Kva gjer du viss du ønskjer å uttale deg?

NVE ser helst at uttalar vert sendt elektronisk via vår nettside www.nve.no/konsesjonssaker så snart som råd, og seinast innan

20.11.2020

Det er også mogleg å sende uttalar per e-post til nve@nve.no og per post til:

NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo

Dersom de har problem med å rekke høyringsfristen på grunn av koronaviruset ber vi om at de snarast tek kontakt med saksbehandlar og søker om utsett høyringsfrist. De kan også finne informasjon om fristar på nettsidene våre: <https://www.nve.no/nytt-fra-nve/andre-nyhetssaker/nves-frister-gjelder-som-normalt-soknader-behandles-enkeltvis/>.

Uttalen, eller deler av uttalen, vil bli referert i eit endeleg vedtak. Dersom uttalen er lang, er det difor ein fordel om det vert laga eit samandrag som kan brukast til dette.

Informasjon til høyringspartane

Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8, jf. § 41. Vi viser til vedlagt orientering, som forklarar saksbehandlinga frå søknaden blir sendt på høyring og fram til endeleg vedtak. Her står det også kva vi ønskjer tilbakemelding om.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord

Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Skildring av tiltaket

Småkraft AS søker om løyve til å legge ned og fjerne dam Trollkjelen i tråd med vassressurslova § 41. Dam Trollkjelen vart bygd rundt 1880, og har mellom anna interesse som del av kulturminne Vaksdal Mølle. Dammen har ikkje lenger betydning for kraftproduksjon, og er i dårleg stand.

NVE vil vurdere sjølve fjerninga av dammen og kva følgjer dette kan ha.

Vassressurslova § 41 seier noko om reglane for nedlegging av vassdragsanlegg. Den generelle regelen er at dersom eigaren ikkje lenger ynskjer å vedlikehalde anlegget, skal anlegget fjernast og vassdraget så langt som mogleg tilbakeførast til slik det var før anlegget vart etablert. Det er i vassressurslova § 42 gjeve ei opning til å overføre eigarskap til andre som ynskjer å oppretthalde vassdragsanlegget.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Gert Vidar Høgseth
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Orientering til høyringspartane

Mottakerliste:

BANE NOR SF
Bevaring av Vaksdalvassdraget
Felleskjøpet Agri SA
Forum for natur og friluftsliv Hordaland
FYLKESMANNEN I VESTLAND
Norges Miljøvernforbund
VAKSDAL KOMMUNE
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopi til:

SMÅKRAFT AS